

Notat 2004–6

Økonomien i økologisk sauehald

Ane Margrethe Lyng

Tittel	Økonomien i økologisk sauehald
Forfatter	Ane Margrethe Lyng
Prosjekt	Økologisk sau, Vestlandet 2002–05 (D846)
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2004
Antall sider	17
ISBN	82-7077-561-4
ISSN	0805-9691
Emneord	produksjonsomfang, produksjonskostnader og -inntekter, driftsoverskot, dekningsbidrag, gjeld

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

Som ein del av pilotprosjektet «Økologisk sauehald på Vestlandet», har NILF fått i oppdrag av FMLA i Hordaland å sjå på utviklinga i økonomien i økologisk sauehald på Vestlandet. Prosjektet skal gå over fire rekneskapsår, frå og med 2001 til og med 2004.

Målet med prosjektet er å gjennomføre ein driftsanalyse på 20 økologiske sauebruk, og samanlikne tala med tilsvarende konvensjonelt drivne sauebruk. Dette notatet viser førebels resultat frå dei to første rekneskapsåra 2001 og 2002.

Økoringane i Hordaland og Sogn og Fjordane har rekruttert bruka. Ved NILF sitt distriktskontor i Bergen har Siv Karin Paulsen Rye, Rolf Rye, Jon Sværen og Ane Margrethe Lyng hatt kontakt med brukarane og omarbeidd skatterekneskapen til driftsrekneskap. Sistnemnde har skrive notatet. Heidi Knutsen har lese notatet og kome med nyttige innspel. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for trykking

Ein stor takk til velvillige økobønder som har gjeve oss opplysningar og tilgang til rekneskapstala.

Bergen, februar, 2004
Kjell Bjarte Ringøy

Innhold

1	INNLEIING	1
1.1	Bakgrunn	1
1.2	Inndeling av materialet og definisjonar	1
2	ØKONOMISK ANALYSE	3
2.1	Produksjon	3
2.1.1	Gagnslam per vfs	3
2.1.2	Areal og tilgang på grovfôr	4
2.2	Produksjonsinntekter og -kostnader	5
2.2.1	Produksjonskostnader	5
2.2.2	Sum produksjonskostnader for alle gruppene	8
2.2.3	Produksjonsinntekter	9
2.3	Dekningsbidrag	13
2.3.1	Driftsoverskot	14
2.4	Gjeldsprosent	15
2.5	Konklusjon	16

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Som ein del av pilotprosjektet «Økologisk sauehald på Vestlandet», har NILF fått i oppdrag av FMLA i Hordaland å sjå på utviklinga i økonomien i økologisk sauehald. Prosjektet går over fire rekneskapsår, frå og med 2001 til og med 2004. Utgangspunkt for undersøkinga er eit utval på 20 økologiske sauebruk, der åtte av bruka er frå Hordaland, to frå Rogaland og ti frå Sogn og Fjordane. Bruka vart valt ut på bakgrunn av representativitet, tal dyr og interesse for prosjektet, og det var økoringane i Hordaland og Sogn og Fjordane som valde ut, og rekrutterte bruka.

Dette notatet viser førebels resultat frå dei to første rekneskapsåra, 2001 og 2002. For desse åra består utvalet av 18 økologiske sauebruk, der ni av bruka er frå Hordaland/Rogaland og ni frå Sogn og Fjordane.

Hovudmålet med dette notatet er å vise resultat og utvikling i økonomien i økologisk sauehald på Vestlandet over ein periode på to år, samt å samanlikne resultatata med konvensjonelt drivne sauebruk. Vi vil også sjå på produksjonsomfang, areal, avling og bruk av fôr og gjeld.

1.2 Inndeling av materialet og definisjonar

I notatet vil omgrepet vinterfôra sauer (vfs.) bli nytta i dei fleste tabellane. Vfs. er tal sauer brukaren har per 1. mars, som også er teljedatoen som vert nytta av SLF når dei skal rekne ut dyretilskot. Brukaren er den som administrerer driftseininga.

Bruka er delte i tre grupper. Gruppe 1 viser gjennomsnittet for bruk med mindre enn 60 vfs, gruppe 2 viser gjennomsnittet for bruk med 60 eller fleire vfs. og gruppe tre viser gjennomsnittet for bruk med blanda produksjon. Blanda produksjon er produksjon som omfattar meir enn berre sauehald, som til dømes sau og mjølkeproduksjon. I gruppe 1 er det fem bruk, i gruppe 2 åtte bruk, og i gruppe 3 er det fem bruk. Gruppene vil

verte omtalt høvesvis som; økosau gruppe 1, økosau gruppe 2 og økosau blanda produksjon.

Det er også med ei samanlikningsgruppe som består av 20 bruk som driv konvensjonell sauedrift. Denne gruppa er delt inn etter dei same kriteria som økosaubruka. Gruppene vil omtalast som sau gruppe 1 og sau gruppe 2. Det er ikkje samanlikningsgruppe for økosau med blanda produksjon. I notatet vil vi samanlikne åra 2001/02 samstundes som vi samanliknar dei ulike gruppene.

Det er viktig å merke seg at gruppene er små. Større investeringar, store omleggings-tilskot etc. hjå enkeltbruk, vil kunne gje til dels store utslag på gjennomsnittstala.

Figurane vil i all hovudsak innehalde tal for åra 2001 og 2002. Der det er lite formålsteneleg å ha med tal for begge åra, vil tala frå 2002 verte nytta.

For bruka med blanda produksjon har vi ikkje fordelt kostnader og inntekter på dei einskilde produksjonane. Gruppa er derfor berre med der den kan samanliknast med dei andre.

Den økonomiske analysen er femdelt med hovudvekt på produksjonskostnader og – inntekter. Vidare vil vi sjå på produksjon, bruk av areal, og gjeld.

2 Økonomisk analyse

2.1 Produksjon

Økosau gruppe 1 har om lag 40 vfs. i gjennomsnitt, medan gruppe 2 og gruppa blanda produksjon har mellom 90 og 100 vfs. i gjennomsnitt. Tabell 2.1 gir ei enkel oversikt over tal dyr, areal og årsverk på bruket. Av tabellen kan vi sjå at det har vore ein liten nedgang i tal vfs. for økosau gruppene frå 2001 til 2002. Arealet er som venta høgare for dei økologiske bruka samanlikna med dei konvensjonelle. Meir overraskande er det at økobruka i gruppe 2 har mindre timar i gjennomsnitt enn samanlikningsgruppa.

Tabell 2.1 Gjennomsnittstal for vfs, areal, årsverk og timar på bruket


Tal i gjennomsnitt ar 2001/02	Vfs.	Vfs.	Vfs.	rsverk	Timar ¹⁾ på bruket, 2002
Gruppe	2001	2001	2001	2002	
Økosau gruppe 1	37	36	64	0,54	1 003
Økosau gruppe 2	104	100	182	0,88	1 628
Økosau blanda prod.	98	90	193	1,35	2 486
Sau gruppe 1	40	44	55	0,54	1 000
Sau gruppe 2	92	95	127	1,08	1 995

1) Tal arbeidstimar for økosaubruka er rekonstruert på bakgrunn av opplysninger fra brukar, og ma derfor tolkast med varsemnd

2.1.1 Gagnslam¹ per vfs

Det er gruppa blanda produksjon som har flest gagnslam per vfs, men det er store skilnader mellom dei einskilde bruka (figur 2.1).

¹ Gagnslam er fødte lam minus kreperte.



Figur 2.1 Gagnslam per vfs. for økosauebruka

2.1.2 Areal og tilgang på grovfor

I ei økologisk driftsform er det ønskeleg å vere mest mogleg sjølvforsynt med fôr. Minst 60 % av fôret på årsbasis rekna i energiinnhald, skal være grovfôr². Det er derfor viktig at økobrauka har nok tilgang på grovfôr, og at grovfôret held høg kvalitet. I våre utrekningar nyttar vi faste satsar på grovfôr og beite når vi bereknar FEm. Høy har faktor 0,65 FEm per kg, surfôr og ferskt gras har faktor 0,18. På vårbeite reknast eit fôropptak på 2,2 FEm per vaksen sau³ per dag. Sau og lam har eit fôropptak på 0,8 FEm per dag på haustbeite⁴.

Som forventa har økobrauka større areal per vfs. enn dei konvensjonelle bruka (tabell 2.2). økosau gruppe 1 har dyra lengre på innmarksbeite enn økosau gruppe 2, og tilsvarende kortare beitetid på utmark.

Økosauen i gruppe 2 får noko meir kraftfôr per vfs. enn økosau gruppe 1. Mengde innkjøpt kraftfôr varierer svært mykje mellom bruka i dei to gruppene. Nokre brukar mykje kraftfôr, andre brukar ikkje kraftfôr.

Økogruppene har eit gjennomsnittleg fôrforbruk i FEm på 560 og 552 per vfs. for høvesvis gruppe 1 og gruppe 2. Av dette utgjær kraftfôret 5,9 % og 6,9 % av samla fôrforbruk.

Tabell 2.2 Tal daa grovfor og grovforopptak per vfs., ar 2002

Per vfs./ gruppe	Tal daa	Grovfor i FEm	Tal beitedagar innmarksbeite	Kraftfôr i kg	Tal beitedagar utmarksbeite
Økosau gruppe 1	1,80	404	110	34	154
Økosau gruppe 2	1,82	346	100	39	178
Sau gruppe 1	1,17	448	x	x	x
Sau gruppe 2	1,31	353	x	x	x

x ikkje registret for dei konvensjonelle bruka

² Kjelde: Sau og Geit 5/03.

³ Fôropptak lam er inkludert.

⁴ For meir nøyaktige utrekningar må fôrinnhald i FEm og fôropptak fastsettes for kvart bruk.


2.2 Produksjonsinntekter og -kostnader

2.2.1 Produksjonskostnader

Faste kostnader


Faste kostnader er definert som kostnader som ikkje endrar seg nemneverdig med omfanget av produksjonen.

Figur 2.2 viser eit utval av dei faste kostnadene i gjennomsnitt for 2002, og vi ser at samanlikningsgruppene har om lag lik fordeling av kostnadene og at kostnadene er omtrent like høge.




Figur 2.2 Eit utval av dei faste kostnadene i gjennomsnitt

Figur 2.3 viser dei same faste kostnadene per vfs. økosau for 2001 og 2002. Det har vore ein auke i dei faste kostnadene frå 2001 til 2002 for begge gruppene, med unnatak av leigd arbeid for økosau gruppe 2.



Figur 2.3 Eit utval av dei faste kostnadene per vfs. i kr for økosaubruka, åra 2001/ 02

Figur 2.4 viser prosentvis fordeling av dei faste kostnadene, fordelt på økosaubruka og dei konvensjonelle bruka. Det er leigd arbeid og vedlikehald som i snitt utgjer dei største kostnadene, med unntak av økosau gruppe 1 der administrasjonskostnaden utgjer meir enn leigd arbeid.




Figur 2.4 Prosentvis fordeling av dei faste kostnadene per vfs.

Variable kostnader

Variable kostnader vert definert som kostnader som varierer med omfanget av produksjonen.

Av figur 2.5 ser vi at alle dei variable kostnadene som venta er lågare for økosaubrukene enn for dei konvensjonelle samanlikningsbrukene, med unntak av innkjøpt grovfôr.




Figur 2.5 Utval av dei variable kostnadene, i gjennomsnitt

For økosaubrukene har vi skilt ut kraftfôrkostnaden og vist den som eigen søyle (figur 2.6). Førkostnadene i figuren inkluderer både kraftfôr og anna fôr, som til dømes fôr til gjetarhund, meieriprodukt og mineralar.


Vi ser at kraftfôrkostnadene utgjør hovuddelen av førkostnaden. Det er gruppa blanda produksjon som har dei lågaste kraftfôrkostnadene per vfs, medan dei samla førkostnadene er tilnærma like for alle økogruppene.

Dei er lite som skil dei variable kostnadene per vfs. for økosau gruppe 1 og 2.



Figur 2.6 Variable kostnader i kr per vfs. for økosaubrukene

Fôrkostnadene, inklusiv innkjøpt grovfôr, utgjør mellom 40 og 50 % av dei variable kostnadene for dei fire gruppene (figur 2.7). Gjødselkostnadene saman med veterinærkostnadene utgjør om lag 15 % av dei samla variable kostnadene for økosau gruppe 1. For samanlikningsgruppa utgjør nemnde kostnader om lag 24 % av dei variable kostnadene. For økosau gruppe 2 og samanlikningsgruppa utgjør gjødsel- og veterinærkostnadene høvesvis 22 % og 31 % av dei variable kostnadene.




Figur 2.7 Prosentvis fordeling av dei variable kostnadene per vfs.

2.2.2 Sum produksjonskostnader for alle gruppene

Det er brukarane i økosau gruppe 1 som har det høgaste kostnadsnivået per vfs, i høve til dei andre tre gruppene (figur 2.8). Hovudårsaka er truleg at dei fleste bøndene i økosau gruppe 1 har sau som attåtnæring ved sida av full jobb. Dei har derfor både evne og

vilje til å investere i utstyr som gjer jobben meir effektivt, trass i at dette ikkje er driftsøkonomisk lønsamt. Investert kapital står derfor ofte ikkje i forhold til produksjonsomfanget.

Bruka i økosau gruppe 2 har både dei lågaste faste- og dei lågaste variable kostnadene, for begge åra.




Figur 2.8 Produksjonskostnader i kr per vfs. for alle gruppene

2.2.3 Produksjonsinntekter

Omsetning


Det er i gruppa økosau, blanda prod. at det vert slakta flest lam per vfs. (figur 2.9). Økosau- og sau gruppe 1 slakta flest sauer begge åra, i høve til dei andre gruppene. Dei same to gruppene har også lågast tal lammeslakt per vfs. Det kan tyde på at desse to gruppene har høgare påsett av lamma enn dei andre gruppene.

Nokre av bruka i økogruppene byggjer opp produksjonen, og leverar difor berre nokre av lamma til slakt. Dette gjer utslag på gjennomsnittstala.



Figur 2.9 Tal lam- og saueslakt per vfs.

Ikkje overraskande er det gruppa med blanda produksjon som har levert mest kjøt per vfs. Dei har flest gagnslam, leverer flest lam til slakt, og dei har tyngre dyr.




Figur 2.10 Kg kjøt per vfs., for økosau gruppene

Produksjonsprisar

Det er bruka i gruppa med blanda produksjon som har fått høgast pris per kg (figur 2.11). Dei har oppnådd i snitt kr 37,00 per kg for lammeslakta og kr 18,00 for saueslakt. Økosau gruppe 2 har høvesvis kr 34,00 og kr 11,00 per kg, medan dei andre gruppene har kr 32,50 per kg for lammekjøtet og mellom kr 13 og 14 for sauekjøtet. Dei for-

holdsvist store variasjonane i kilopris har årsak i dei ulike tilleggene sauebonden kan få for slaktet. Mellom anna kan dei som leverer økologisk sau, få eit avtaletillegg på opptil kr tre per kg. Det er også mykje å hente på å levere kvalitetsslakt, da kiloprisen på lammekjøtt varierer mykje avhengig av kva for klassifisering slaktet får. Grappa blanda produksjon har fått god uttelling både på avtaletillegget og klassifisering.


Ullprisen varierer frå kr 29,00 til kr 36,00 per kg. Årsak til variasjonane er mellom anna at nokre av bruka i økosau gruppene har villsau/ utegangarsau, og dei får svært dårlig betalt for ulla.



Figur 2.11 Kilopris på lamme- og sauekjøtt og ull


Figur 2.12 viser produksjonsinntekter for alle gruppene. Det er store variasjonar mellom gruppene, avhengig av kvantum og pris per kg, og det er gruppa blanda produksjon som ikkje overraskande har dei høgaste produksjonsinntektene per vfs.

Sal av livdyr utgjør ein svært liten del av produksjonsinntektene for alle gruppene.



Figur 2.12 Produksjonsinntekter i kr per vfs.

Tilskota per vfs. er høgast for økosaubruk, og ligg på mellom kr 1 700 og 2 100 for perioden (figur 2.13). Av desse tilskota utgjør dei økologiske tilskota mellom kr 200 og 400. Økobruka får også meir i areal- og kulturlandskapstilskot i høve til dei konvensjonelle bruk. Det er fordi dei har større areal (sjå tabell 2.1). Under andre tilskot finner vi grunn- og distriktstilskot, samt dei meir spesielle tilskotsordningane som tildømast tilskot til brattlendte bruk.



Figur 2.13 Tilskot i kr per vfs.

2.3 Dekningsbidrag

Tabell 2.3 og tabell 2.4 viser gjennomsnittlig dekningsbidraget for økosaugruppene for året 2002.

Dekningsbidraget inklusiv tilskot er i gjennomsnitt på kr 2 180 og kr 2 402 for høvesvis økosau gruppe 1 og økosau gruppe 2. Samla tilskot per vfs. er om lag likt for dei to gruppene, og det same gjeld dei variable kostnadene. Kraftfòrkostnaden er 14 % høgare for gruppe 1, men dei vert kompensert ved at bruka i denne gruppa brukar mindre kraftfòr. Bruka i gruppe 2 leverer meir lammeslakt og ull enn bruka i gruppe 1. Desse bruka har også oppnådd betre kilopris slik at dekningsbidraget er høgast i denne gruppa.

Tabell 2.3 Gjennomsnittlig dekningsbidrag per vfs. for økosau gruppe 1, 2002

Produksjonsinntekter			
Produkt	Mengde	Pris kr	Inntekt
Lam	12,0	32,6	395
Sau	5,6	13,6	83
Ull	3,9	29,4	116
Tilskot			2 003
Sum			2 598
Variable kostnader			
Kraftfòr	33,6	4,0	135
Veterinær og medisin			35
Anna variable kost.			249
Sum			249
Dekningsbidrag* per vfs. med tilskot			2 180

*Dekningsbidraget per vfs. utan tilskot er på kr 177

Tabell 2.4 Gjennomsnittlig dekningsbidrag per vfs. for økosau gruppe 2, 2002

Produksjonsinntekter			
Produkt	Mengde	Pris kr	Inntekt
Lam	16,0	34,3	568
Sau	3,6	11,7	47
Ull	3,6	32,7	118
Tilskot			2 062
Sum			2 794
Variable kostnader			
Kraftfòr	38,7	3,5	135
Veterinær og medisin			45
Anna variable kost.			212
Sum			391
Dekningsbidrag* per vfs. med tilskot			2 402

*Dekningsbidraget per vfs. utan tilskot er på kr 341


2.3.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er definert som produksjonsinntekter minus produksjonskostnader.

Driftsoverskotet er i gjennomsnitt høgast for gruppa med blanda produksjon (figur 2.14). Bruka i denne gruppa har kombinasjonen sau/ mjølk/ kjøtproduksjon, som tradisjonelt sett gir betre gjennomsnittleg driftsoverskot enn ein-sidig sauedrift⁵.


Ser vi på driftsoverskotet per vfs. får vi eit driftsoverskot på om lag kr 1 000 i gjennomsnitt for bruka i økosau gruppe 2 i 2001, som aukar til litt over kr 1 100 i 2002 (figur 2.15). For økosau gruppe 1, er driftsoverskotet per vfs. i 2002 på kr 100 per vfs. Denne gruppa har, i motsetning til gruppe 2, hatt ein reduksjon frå 2001 til 2002.

Det er i all hovudsak skilnaden i kostnadsnivået som forklarar kvifor økosau gruppe 2 har eit så mykje betre driftsoverskot enn både økosau gruppe 1 og samanlikningsgruppa (sjå kap. 2.2.1). Økosaubruka har også ei betre tilskotsordning enn dei konvensjonelle bruka. Men det er også andre høve som kan verke inn på resultatata, som til dømes kor mykje tid bonden brukar på drifta og kor mykje arbeid han/ ho har ved sida av drifta (sjå og figur 2.4).




Figur 2.14 Driftsoverskot i gjennomsnitt for alle gruppene

⁵ Sjø NILF, 2003. «Driftsgranskinger i jord- og skogbruket». Regnskapsresultater 2002. NILF, 2003.



Figur 2.15 Driftsoverskot per vfs. for dei einkilde gruppene

Det er mange av brukarane som hentar inntekt utanom bruket (figur 2.16). Det kan sjå ut som at økobøndene i gruppe 1 har full jobb ved sida av drifta, og det gjør at det blir færre timar til drifta. For økosau gruppe 2 og gruppa blanda produksjon er inntekt henta utanom bruket mykje lågare, og vi kan gå ut i frå at dei dermed har meir tid til drifta.




Figur 2.16 Gjennomsnittleg samla inntekt i kr

2.4 Gjeldsprosent

Gjeldsprosenten på bruket seier noko om kor stor del av eigendelane som er finansiert med framand kapital. Tradisjonelt er det bruk med sauehald som har lågast gjeldsprosent, fordi det er ein mindre kapitalkrevjande produksjon enn mange andre produksjons-

former. Gjennomsnittleg gjeldsprosent for sauehald over heile landet er på om lag 25 %. (Haukås m.fl., 2002)⁶.

Det er gruppa blanda produksjon og sau gruppe 1 som har lågast gjeldsprosent, men det er store variasjonar mellom bruka innanfor alle gruppene. Økosau gruppe 2 har høgaste gjeldsprosent. Ei mogleg forklaring kan vere at brukarane i denne gruppa har mindre inntekt utanom bruket, og i større grad må finansiere nyinvesteringar med lånt kapital.



Figur 2.17 Gjeldsprosent for dei ulike gruppene

2.5 Konklusjon

Ei av målsetjingane for økologisk landbruk er å arbeide for at økologisk drift skal gje grunnlag for ein trygg økonomi for utøvarane (Anne–Kristin Løes m. Fl, 1996)⁷. Det er like viktig for økobonden som for den konvensjonelle bonden å ha ein tilfredsstillende privatøkonomi. Nokre kan leve bra av økologisk drift, medan andre slit med økonomien – slik som i resten av landbruket.

Om lag 30 % av økobøndene i denne undersøkinga har lite eller ingen (under kr 20 000) inntekt ved sida av drifta. Desse bruka hadde i gjennomsnitt kr 130 000 i driftsoverskot i 2002. Brukarane hadde gjennomsnittleg 1780 arbeidstimar i drifta, noko som utgjer 0,96 årsverk. Nokre av desse brukarane hadde i tillegg ektefelle/ sambuar med lønsinntekt som til saman med driftsoverskotet har gitt ein brukbar privatøkonomi.

Driftsoverskotet for økobruka i utvalet varierar mellom kr 250 000 som er det høgste i 2002, til kr 40 000 i minus.

For bruka i økosau gruppe 1 vil auka pris per kilo ha mindre verdi, fordi kilo omsett slakt er lågt. Alternativ verdien av arbeidskrafta er også høg i og med at nær sagt alle brukarane i denne gruppa har lønsinntekt ved sida av bruket. Denne gruppa har derfor liten økonomisk gevinst av å bruke meir tid på drifta. Gruppe 1 har eit gjennomsnittleg

⁶ Tobjørn Haukås m.fl. «Gjeldsundersøkelse på bakgrunn av driftsgranskingsmateriale 2001). Notat nr. 2002-39. NILF, 2002.

⁷ Anne–Kristin Løes m. fl.«Omlegging til økologisk landbruk» Norsk senter for økologisk landbruk og A/S Landbruksforlaget, 1996

høgt kostnadsnivå. Årsaka til det er som nemnt tidlegare, at mange brukarane i denne gruppa har full jobb ved sida av bruket, og dei har derfor vilje og evne til å investere i mellom anna arbeidssparande tiltak, som ikkje nødvendigvis står i forhold til omsetninga på bruket.

Bruka i gruppa med blanda produksjon har gode resultat både for drifta sett under eit og for produksjonsforma sau. Bruka i økosau gruppe 2 har klart å halde eit lågt kostnadsnivå i dei to åra. Det har ført til at dei to gruppene har høgare driftsoverskot samanlikna med økosau gruppe 1 og dei konvensjonelle bruka. Økosaebruka i gruppene blanda produksjon og gruppe 2 har i snitt mellom 90–100 vfs. Jo fleire dyr levert til slakt, jo meir utgjer dei ekstra kronene per kg som økobonden kan oppnå i form av avtalletillegg på opp til kr 3 per kg, god klassifisering på slaktet og ved å levere dyra når prisen per kg kjøt er høgast. Det gjev insitament til å levere kvalitetsslakt til rett tid. Fleire av bøndene i desse to gruppene har bruket som einaste- eller hovudinntektskjelde og det gjev brukaren betre tid til drifta, og til å drive optimalt.

Ser vi på økosaebruka i høve til samanlikningsbruka, kjem økosaebruka økonomisk best ut fordi dei mellom anna mottok mest i tilskot per vfs. Dei mottok tilskot til økologisk landbruk og dei har noko høgare areal- og kulturlandskapstilskot, samt at dei har fått bra utteljing på dei meir spesielle tilskota som til dømes «tilskot til brattlendte bruk». Økosau gruppe 2 sparer mykje på halde eit lågt kostnadsnivå i høve til samanlikningsgruppa. Lågt kostnadsnivå saman med gode tilskotsordningar, gjer at økosaebruka gjer det økonomisk mykje betre enn dei konvensjonelle sauebruka.

Bruka i denne undersøkinga skal fyljast i ytterligare to rekneskapsår. Det vil gje oss eit betre talmateriale og ein sikrere analyse.